

Møtereferat

Dato: 20.02.2019

Emne:	Referat frå regionalt planforum 19.02.2019 - Etne kommune - Revidering av kommuneplanen sin arealdel		
Til stades:	Klokkerstuen	Siri	Etne kommune, ordførar
	Ekrheim	Mette Heidi	Etne kommune, kommunestyret
	Berge	Ingemund	Etne kommune, kommunestyret
	Bergsvåg	Lars Olav	Etne kommune, kommunestyret
	Ekrheim	Mette Heidi Bergsvåg	Etne kommune, kommunestyret
	Vetthus	Wermund	Etne kommune, plan
	Kvalheim	Erik	Etne kommune, plan
	Otnes	Toralf	NVE
	Jansen	Turid Susort	Kystverket
	Skrede	Aase Midtgaard	Kartverket
	Garen	Ingelin	Statens vegvesen
	Bjørkevoll	Ingerid	Fiskeridirektoratet region Vest
	Hauge	Egil	Fylkesmannen i Vestland
	Monsen	Øystein	HFK, fylkeskonservatoren
	Halsør	Tale	HFK, klima
	Wahl	Trond Olav	HFK, akvakultur
	Taule	Eva Katrine R.	HFK, planseksjonen – møteleiar
	Høgestøl	Erlend Jacobsen	HFK, planseksjonen – referent
	Engum	Hans Christian	HFK, planseksjonen
	Slinning	Tore	HFK, fylkeskonservatoren
Forfall:			Sak: 2014/13624-140
Møtetid:	13:00 – 15:00	Møtestad: Sunnhordland	

Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule

Referent: Erlend Jacobsen Høgestøl

Planforum 19.02.2019 Etne kommune

Møteleiar ønskte velkomen og deltakarane presenterte seg med namn og organisasjon/ansvarsområde. Det vert ein delt presentasjon frå Etne kommune.

1. Status i planarbeidet

Innleiing ved Siri Klokkerstuen, ordførar i Etne kommune

Formannskapet er styringsgruppa for KPA, og har fått vere med i skriveprosessen. Det har vore mye god kompetanse involvert i planarbeidet.

Kommunen har ikkje hatt ei rullering av kommuneplanen sidan 2010 og det har skjedd mye både på kommunedelplannivå, i prosjekt relatert til sentrumsutbygging, regional areal- og transportplan på Haugalandet, Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger osv. Etne har ein fjord med villaks av nasjonal interesse. Kommunen er opptatt av at villaksen sine interesser vert ivaretatt best mogleg

Styringsgruppa har vedteke kommuneplanen sin samfunnsdel, og vore med og tatt stilling til kjerneområde for landbruk i kommunen sin planstrategi.

Wermund Vetrhus, plankonsulent Etne kommune

Kommunen har kome eit godt stykke på veg i planarbeidet, men har nokre utfordringar. Kommunen har fått innspel, der ganske mange av innspela var i strid med eigne retningslinjer samt statlege og regionale retningslinjer.

Kommunen er i prosessen med å ferdigstille arbeidet med innspela, men har to tema igjen som skal vurderast.

Tema det har vore størst utfordringar rundt er plankart og når kommunen skal stille krav om reguleringsplan. Etne har ei lang strandsona, men store delar av strandsona er ikkje tilgjengeleg for ålmenta, og som konsekvens vert dei delar av strandsona som har tilgjenge påført eit stort trykk.

Kommunen vil gjerne ha innspel på korleis sone 3 i statlege planretningslinjer skal kome til uttrykk i ein kommuneplan. Kommunen er oppteke av at KPA skal vere god å lese for publikum og relativ enkel å forstå. Det er krevjande å få på plass informasjonen, samstundes som den skal vere lett å forstå.

Kommunen har to sentrum, Etne og Skånepik, og kommunen er oppteken av å ha eit levande sentrum.

Etne har ein del akvakulturområde, og nokre av områda er gamle lokalitetar som enten ikkje er tatt i bruk, eller har blitt avvikla. Kommunen er ikkje sikker på kva som skal gjerast med disse areala.

Kommunen har nokre forslag til korleis ein skal handtere LNF-spreittområda, slik at det vert mogleg å utføre tiltak i LNF-spreitt, utan at det vert lagt til rette for mye utvikling i disse områda.

Kommunen har også ønske om dialog knytt til korleis KPA skal handtere tilhøvet til eksisterande reguleringsplanar.

2. Drøfting: Synspunkt og dialog

Reguleringsplan på land og i sjø

Etne kommune: I Kvinnherad sin kommuneplan er det nokre tilfelle med fritak frå plankrav, der kommunen kan velje å fråvike reguleringsplan. Slik kan ein legge til rette for småskala utbygging, samstundes som ein hindrar at utbyggar kan gjere fleire tiltak i etterkant slik at ein sikrar den langsiktige planlegginga. Det er ein hårfin balanse for ein så liten kommune som Etne at det kan skje ei vidare utvikling i kommunen.

Kommunen har i kommuneplanen gjennomført ei konsekvensutgreiing på alle innspel, og alle innspel vert vurdert om dei er i konflikt med nasjonale eller regionale interesser.

Avsnittet i KPA om båtplassar er gjort med inspirasjon frå Kvinherad, det kan vere inntil 10 plassar for småbåthamnar i kommunen.

Kommunen meiner at mindre utvidingar av tiltak kan gjennomførast utan krav om reguleringsplan dersom ein ikkje kjem i konflikt med andre omsyn, som kulturminner, naturomsyn osv.

Fylkesmannen: Har forståing for at å lage reguleringsplanar kan vere både tidkrevjande og kostbart. Loven er veldig enkel på dette område. For større bygg og anlegg skal kommunen lage ein reguleringsplan.

I tillegg nemner loven at reguleringsplikten er meir påtrengande dess viktigare omsyn ein regulerer inn mot. Loven presiserer at ved alle tiltak som har miljø- og samfunnsmessige konsekvensar, og der interesser beskytta av loven er til stades og gir utslag i form av verknader, er planen pliktig for regulering.

Fylkesmannen prøver alltid å vere på tilbodssida. Etne kommune har gjort noko som mange andre kommunar ofte gløymer, og det er ha ei grundig utgreiing av planområda. Ei god konsekvensutgreiing gjer det lettare å kunne diskutere naudsynet av ein reguleringsplan. Tar gjerne ein diskusjon med Etne om kva

som har vore godteke i nabokommunar. Fylkesmannen vert ofte møtt med kritiske spørsmål om heime til føresegner frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Det vert naudsynt å finne ei løysing. Det å ha oversikt, synleggjere og vere transparant på konsekvensar er utgangspunktet.

NVE: NVE er oppteke av flom, skred og vassdrag. NVE har sidan nyttår fått nye oppgåver knytt til overvatn. Det kan til dømes vere eit problem knytt til bustadfelt å føre vatn på ein heilskapleg måte gjennom byggeområda. Om det ikkje skjer ei planmessig fortetting i overkant eller nedkant av allereie etablerte område, kan ein kome i vanskelege situasjonar. Dette kan tale mot det å ikkje lage reguleringsplanar ved utbygging.

Fylkesmannen: Småbåthamnar er eit punkt Fylkesmannen svært ofte må handtere i relasjon til kommunane. Det må vere ein føresetnad at kommunen finn dei rette hamneområda og at omsyn til strandsona vert ivaretatt. Då er det mogleg å vurdere ei løysing. Det er mye utbyggingspress i strandsona. Fylkesmannen sitt råd til kommunen vil alltid vere å ikkje presse reguleringskravet mest mogleg ned. I dei aller fleste tilhøve bør ein regulere småbåthamnar. Omsyn som støy, inngrep i strandsona, forureiningar osv. må ein ta omsyn til. Statlege omsyn er alltid til stades.

Fylkeskommunen: Når det gjeld krav til reguleringsplan, vert det alltid mange omsyn å ta stilling til i eit sentrumsområde. I slike område bør ein ikkje prøve å unngå kravet om reguleringsplan. Forholda i slike område kan vere ganske utydeleg. Kommunen bør vurdere for dei mest sentrale områda å lage ei områderegulering.

Strandsone

Etne kommune: Kommunen har eit forslag til løysing av byggegrense mot sjø i områda for LNF-spreitt. Spørsmålet er om ein skal bruke formålet ned til strandsona og sette ei byggegrense mot sjø, eller om ein skal ha eit formål langs sjø, og eit formål der ein tillater bygging.

Fylkesmannen: Det er alltid offentlege interesser i strandsona. Verdien treng ikkje vere så stor at alle reguleringar må setjast til side. Utgangspunktet i denne konteksten er at formålet er LNF-spreitt. Dette er ein byggekategori. I alle område det er opna for bygging, skal det vere ei byggegrense. I strandsona gjeld 100-metersbeltet. Fylkesmannen meiner at strandsona alltid har ein form for kvalitet, til dømes landskap. Paragraf 1-8 i plan- og bygningslova bekreftar at planmynde alltid skal gjere ei fagleg vurdering. Kvalitetar som landskap og kulturminne skal alltid definere kvar ei byggegrense skal gå. Fylkesmannen støtter kommunen i at byggeformålet LNF-spreitt ikkje bør vere forbi denne byggegrensa. LNF-spreitt er byggeområde som må utgreiast i konsekvensutgreiinga. Om ein tek omsyn til viktige verdiar i strandsona, og at kommunen set ei grunngeve byggegrense, så kan Fylkesmannen akseptere denne løysinga.

I staden for å vere kreativ og trekke LNF-spreitt formålet ned på eit område det ikkje bør byggjast noko, bør ein la være å bruke formålet. Då bør det vere LNF, og så får ein ta den dispensasjonen som eventuelt måtte kome.

Radøy kommune omformar ein del bustader til LNF-spreitt. Om dette er ei løysing, kan ingen interesser som kjem i konflikt med formålet vere med, til dømes dyrka mark. Kommunen bør då ha føresegner som er klare og tydelege på kva område som skal overførast til LNF-spreitt. LNF-formålet må brukast varsamt, det må vere veldig konsentrert og knytt til eit behov.

Fylkeskommunen: *Regional kystsonoplan for Sunnhordland og ytre Hardanger* er vedteke av fylkestinget, men fem kommunar har hatt vesentlege innvendingar. Den er difor til handsaming hos KMD. Kystsonoplanen har mellom anna retningslinjer for planlegging i strandsona. Kunnskapsgrunnlaget og vurderingane i planen er bygga på dei statlege planretningslinjene. Planen har vore i ein grundig dialog og ein lang prosess med Fylkesmannen. Svaret på korleis sone 3 i statlege planretningslinjer bør kome til

uttrykk i KPA ligg i denne planen. Kommunen kan også finne svar på andre av dei konkrete spørsmål om strandsona i denne planen. Anbefaler difor å bruke denne i arbeidet med KPA. Venter på eit endeleg svar frå KMD, siste signal var at eit svar skulle kome på nyåret.

Lesbarheit av plankart

Etne kommune: At KPA skal vere forståelig for alle, ser kommunen på som ei utfordring. Brukarar som skal bruke kartløyningar som til dømes Fonnakart, kan ha utfordringar med å tolke kartet. Landbruk er til dømes eit viktig tema for Etne kommune, kommunen har difor teke omsyn til dette i planarbeidet. Dette medfører at der eit formål vil vere i konflikt med område landbruk, vil formålet også vere i konflikt med kommuneplanen. Omsynssone dekker til dømes heile Etne sentrum som er eit jordbrukslandskap med lang historie. Dette er difor eit viktig tema, men problemstillingar knytt til dette, er ikkje noko brukarane så ofte hamner i konflikt med.

Kartverket: For veldig mange kommunar på Vestlandet er det utfordringar med alle omsynssonene som ofte er overlappende. Kartverket har difor kome med mange innspel og forslag til endringar.

Svaret er at alle kommunar er forskjellige og det er kommunen si oppgåve å produsere eit kart som er leselig for alle. Det eksisterer ingen fasit for ei riktig kartløyning.

Etne kommune ønskjer å løyse dette med å framstille forskjellige kartutsnitt. Ein tenker samstundes i større grad digitale løyningar no enn ein gjorde tidlegare. Å få alt oppå kvarandre på eit papirkart, fungerer difor ikkje for små kommunar, sjølv om dette er det juridisk rette dokumentet. Kartverket meiner difor løyninga med kartutsnitt er god og i tråd med lov og forskrift.

Etne kommune: Kulturlandskap av nasjonal interesse som ligg ved hovuddelen av bygda Etne og utover langs fjorden er brukt og vist til i den nye utgreiinga som Miljødirektoratet har gjort om vindkraft, sendt til NVE. Det er naturleg at dette er styrande for arealplanlegginga i Etne kommune. Det er likevel litt uvisse om kva tiltak som kan vere utfordrande i landskap av nasjonal interesse. Korleis skal desse areala bli forvalta?

Fylkeskommunen: Det er ganske store tiltak som vil få konsekvensar i disse områda. Sist var det kraftleidningar i liene langs fjorden. Slike tiltak bør ein ta omsyn til langs denne sona.

Når det gjeld lesbarheit vil ikkje plankart for til dømes Etne sentrum vere særleg logisk om kommunen ønskjer å kombinere mange kartblad til ein heilskap. Her er det mange små og store omsynssoner med mellom anna kulturminne.

Bruk av digitale kart og temakart, er difor ei god løyning.

Kartverket: Den oppdaterte rettleiaren til kart og planforskrifta er no tilgjengeleg. Til dømes står det om plankart: *Kan ha med eigne kartutsnitt, som i praksis er ei forstørring av ein eller fleire delar av planen.*

Disse utsnitt er å betrakte som ein del av planen og skal såleis ikkje ha eigen nasjonal arealplan-ID.

Teiknforklaringa skal vise samanhengen mellom dei forskjellige utsnitt jf. Bestemmingane i siste ledd. Ein må ha eit system for å skilje og identifisere dei ulike utsnitt frå kvarande og vise samanhengen mellom dei.

Link:

https://www.regjeringen.no/contentassets/11a7466184f14ef6b254fe1495064054/veileder_kart_planforskrift_en_2018.pdf

Fylkesmannen: Ein kan spørje seg kva som er poenget med omsynssoner, og om ein treng å ha dei med i plankartet. Verdiane forsvinner ikkje om ein fjernar dei frå plankartet, men sentrale omsynssoner som direkte får føringar for vedtak bør vere vist. Område landbruk for Etne er eit døme på dette.

Ansvarer for korleis ein skal handtere villaksen i Etnefjorden er eit omfattande tema. Kommunen har masse kunnskap om vassdraget og fjorden som eit nasjonalt forvaltningssystem.

Laks og innlandsfiskelova, ei særlov, seier i § 7 at omsyn til villaksen og andre organismar i ferskvatn og i fjorden skal handterast i planen. Det vert difor avgjerande at kommunen har dette lovforpliktande omsynet i plankartet sitt.

Det å vise villaksen i vassdrag og fjord som ei omsynssone i plankartet slik det vert foreslått, er positivt.

NVE: NVE er oppteke av at kommunen spesielt vurderer fare for flaum og skred. Samanhengen må kome fram på plankartet gjennom omsynssoner.

Utvikling av tettstader

Etne kommune: Foreslår at ein definerer to sentrumsområde i Etne, og at ein i disse områda nyttar sentrumsformål og tillater bustader, næringsverksemd, idrettsanlegg osv. Kommunen ønskjer at Skånevik og Etne vert attraktive tettstader.

Fylkeskommunen: *Regional plan for areal og transport på Haugalandet* har prøvd å balansere omsyna mellom kjerneområde landbruk og sentrumsutvikling, og har ei tydeleg satsing på at ein ønskjer ei vidare utvikling knytt til sentrum- eller tettstader. Tankegangen Etne legg opp til er difor i tråd med planen. Sentrumsformåla bør leggast til Etne og Skånevik fordi regional planføresegn for handel er knytt til sentrumsformålet.

Det er viktig at ein gjer ei vurdering rundt handel, og innarbeider dei regionale planføresegna knytt til handel. Her må kommunen gjere ei vurdering og innarbeide føresegnene i planen, elles kan det vere grunnlag for motsegn.

Fylkesmannen: Det er i tråd med dei statlege planretningslinene for samordna bustad, areal- og transportplanlegging. Alle kommunar møter den same problemstillinga. Det å ha planmessige rammer rundt den fortettinga som skal skje i ein områdeplan er ein veldig god idé. I Etne kommune er dette kanskje spesielt viktig.

Akvakultur

Etne kommune: Det er ein del område med akvakultur i kommunen som ikkje er tatt i bruk enda, og det er uvisse om kva ein skal gjere med disse områda. Kommunen har bestemt seg for å vidareføre dei fleste av akvakulturområda fordi dette er ein bransje som stadig er i endring.

Fylkeskommunen: Det er positivt å ikkje fjerne alle akvakulturområda, men det er viktig at kommunen har ein kommunikasjon med næringa. Oppfordrar også kommunen å tenke langsiktig, slik at det ikkje oppstår utfordringar undervegs.

Kystverket: Om ein planlegger nye akvakulturanlegg, så er det ein fordel at dette er tidleg med i prosessen for KPA. Kystverket har mange kartverktøy som viser kva interesser som ligg i sjø, og kva område farleiene og trafikken går. I mars vert også eit nytt datasett *Kystdatahuset* tilgjengeleg som er eit godt verktøy i planlegginga for kommunane. Her får ein innsyn i kva trafikk ein har på sjøen.

Fylkesmannen: Samd i at det kan vere smart å ta høgde for at akvakultur kan vere mangt. Opptatt av at kommunen vurderer akvakultur i relasjon til kva som er planbehovet for naturmangfaldet og villaksen. Det kan ofte vere ein ubalanse mellom disse to interessene.

Omsynet til naturmangfaldet og villaksen er så sentral at planen må omhandle også dette. Pass på kravet om konsekvensutgreiing.

Fiskeridirektoratet: Har ikkje generelt motførestillingar til at ubrukte akvakulturområde vert vidareført i kommuneplanen, så lenge det ikkje er i konflikt med fiskeriinteresser eller område som vert nytta til fiskeri.

Fylkesmannen: Kommunen bør ha ei overordna konsekvensutgreiing for sjø. Gjer ein gode konsekvensutgreingar for kvar einskild lokalitet, kan det vere eit godt grunnlag for vidare konsesjonshandsaming.

3. Andre innspel

Fylkeskommunen: Fylkeskommunen har ein rettleiar for kulturminne som kan lette arbeidet for kommunen: *Sentrale moment i arealdelen av kommuneplanen for å ivareta kulturminneverdiane i kommunen.* Motsegn frå Hordaland fylkeskommune er ofte i samband med kulturminne, men ofte av teknisk karakter utan reelle arealkonfliktar. Ved å fylgje råda til fylkeskonservator, kan kommunen unngå dette. Rår til at dette vert gjort.

Rapporten *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland* nemner på s. 21 Etne som eit rikt jordbrukslandskap med lang historie.

Link: <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/pdf-til-nyheiter-2017-og-2018/kulturhistoriskhordaland.pdf>

Fylkesmannen: Fylkeskommunen, Fylkesmannen og alle statlege etatar, er på tilbodsida om det er konkrete område kommunane opplever som ei utfordring. Å ha ein god dialog kan løyse mye.

NVE: Eldre reguleringsplanar har ofte ikkje tatt tilstrekkeleg til følgje naturfare. Ny kunnskap kjem kontinuerlig og klimaet er i endring. Byggesaker må alltid vise omsyn til kunnskapen om naturfare. Spesielt om kommunen nyttar omsynssone 910 som er veldig streng. Ei generell bestemming kan ikkje styre over den gjeldande reguleringsplanen.

Kystverket: Viktig å ikkje auke småbåttrafikken opp mot hamnene, og at det ikkje oppstår konflikt med nyttetraffikken, som kan svekke tryggleiken. Småbåthamnene må også kunne tåle belastninga frå sjøen. I høve hamn og farvassloven er ingen av kommunen sine småbåthamner innan Kystverket sitt areal. Etter dette lovverket er det kommunen som har mynde for disse areala. Ei ny hamn og farvasslov er på høyring, men resultatet er framleis i uvisse.

Kartverket: Når plankartet er ferdig og skal sendast ut på høyring, send det til Kartverket for ein kontroll.

Fylkeskommunen: Direktoratet for mineralforvaltning kunne diverre ikkje vere til stades, men innspel vert formidla vidare til Etne kommune. I høve folkehelse har kommunen dette som eit viktig satsingsområde i samfunnsdelen, dette bør koplast mot arealdelen. Etterlyser også stadsanalysane for Skånevik og Etne.

Fylkeskommunen takker for møtet og ønskjer Etne kommune lukke til vidare.

Ordførar takker for å få kome til planforumet og få konstruktive tilbakemeldingar.

